

STYREMØTEPROTOKOLL 06.04.2019

Stad: Kråkenes fyr

Tidspunkt: kl 8:30 – 15:00

Desse møtte: Siv Merete Stadheim, Tor Magne Gangsøy, Irene Lunde, Silje Marita Vallestad, Karen Weichert, Odd Henrik Berge (1. vara), Anita Taftø (naturvernutvalet), Vigdis Flaten Kvamme (kurs og fjellsport), Astrid Kalstveit (dagleg leiar), Jette Bergfjord (prosjektleiar born og unge)

Meldte forfall: Ron Overdevest (naturvernutvalet) og Lars Røyarhus (UNG-utvalet)

Saker

Sak 8 Innkallinga blei godkjent.

Sak 9 Referatet styremøtet 20.2. blei godkjent.

Referatssaker: Roy Raasholm Fauske blei, i staden for Svein Arne Skuggen Hoff, med i arbeidsgruppa som jobbar med temaet regionalisering (Sak 6).

Sak 10 Orienteringssaker

- Prosjektleiar born og unge hadde møte med UNG-utvalet, som no har fått meir spesifikke oppgåver. Ho skal prøve å få til UNG-lag i Sogndal og Luster. Utfordrande at dei som går på vidaregåande skule har det svært travelt og difor problem med å bidra. Søknader: 20.000 kr til ungdomsklatring i Førde, søknad til Sparebankstiftinga om div. m.a. utstyr til lokallaga, Sparebanken Vest: Klatreutstyr.
- Sparebankstiftinga oppmoda SFT om å søkje midlar til merking/skilting til dagsturhyttene. Styret drøfta dette og er positiv. Mogleg å samarbeide med kommunen. Sparebankstiftinga gjev ikkje støtte til Arkeoplan sine turbokasser.
- Framleis god medlemsvekst i SFT.
- Info frå naturvernutvalet: Høyringsframlegg for rammeplan vindkraft, svarfrist 1. august. FNF har søkt om fristforlenging. 13 område, områda i indre strøk er ute. Naturvernutvalet jobbar med høyringsinnspel, ynskje om ressursgruppa Sogn og Fjordane med deltaking frå aktuelle lokallag.
- Tungestølen: Luster Turlag fekk sponsor for ei hytte til, men jobba framleis med finansiering. Minnegåve Marit Aamelflot Hjelle til Tungestølen.
- DNT-sentralt vil ha større fokus på kysten. Vil søkje om midlar til hytter og anlegg på kysten.
- Arbeidsgruppa regionalisering: Har hatt eit digitalt møte for å komme i gang. Drøfta m.a. mandat, samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag og Voss Utferdslag. Vil jobbe fram eit kunnskapsgrunnlag fram til midten av juni som lokallaga kan bruke til å ta stilling til regionaliserings spørsmålet på neste fellesmøtet (årsmøtet blir for seint), om ein skal gå vidare med dette. Open diskusjon, ikkje bestemt på førehand. IST ville fyrst og fremst få temaet på dagsorden. Neste telefonmøte er 8.4.19. Det skal sendast informasjon til lokallaga om arbeidet. Arbeidsdeling: gruppa jobbar med faktagrunnlaget, styret jobbar med prosessen.

Sak 11 Økonomi

Dagleg leiar la fram rekneskapsrapport so langt i 2019. Utfordrande med ev. perioderekneskap pga. ulike typar tilskot som kjem inn berre 1 gong i året. Styret skal sjå på moglegheita til å lage seg eigne prognosar for å ha noko meir kontroll med rekneskapen gjennom året. Det hadde vore ynskjeleg med ein sponsor frå næringslivet.

Sak 12 Stillingsinstruks dagleg leiar (ligg ved)

Blei jobba med i tidlegare styreperioder også. AU rydda i dokumentet, spesielt 2 punkt, som styret gjekk gjennom:

- „Ansvar og myndigheitsområde“
Dersom det blir henvist til fullmaktsgrænse, må den definerast. Dette tek styret opp på eit seinare tidspunkt. HMS-arbeidet: DNT-sentralt har HMS-handbok som kan vere eit godt hjelpemiddel.
- „Arbeidsoppgåver“
Det blei supplert med „lokallaga“ under punktet „Vidareutvikle foreininga...“ og forenkla setninga noko.

Dagleg leiar er godt nøgd med framlegget.

Vedtak: Styret godkjende stillingsinstruksen.

Sak 13 Tilsetjingsavtale dagleg leiar (berre styret med vara som var med på dette punktet)

Blei jobba med i AU, og styreleiar drøfta også med DNT-sentralt. Styret gjekk gjennom avtalen og endringane føreslegne av AU.

Vedtak: Styret godkjende tilsetjingsavtalen.

Sak 14 Styreinstruks SFT

Styret gjekk gjennom forslaget for styreinstruks (SFT har ikkje hatt før) og blei einige om nokre endringar. Det vil bli lagt fram som sak på neste styremøtet. Styret har ambisjon om å lage instruks for valkomiteen også.

Sak 15 Status handlingsplan SFT

Styret gjekk gjennom handlingsplanen.

- Det er nokre arrangement som ikkje kunne bli gjennomført pga dårleg vær.
- Det er komme klage på at det ikkje blir brukt instruktør frå DNT i skredkurs. Styret drøfta dette med omsyn til ev. kompetansekrav, kvalitet og andre moment som er aktuelle ved val av kursinstruktør. Dagleg leiar og leiar i kurs- og fjellsportutvalet ser nærare på dette.
- Det må finnast alternativ kursleiar for kurset „naturleg sikring“ i juni. Kurs- og fjellsportutvalet har ansvar for dette.
- Turmagasinet er levert til Rein Design for design og trykk frå fagleg ansvarleg Anne Rudsengen.

Sak 16 Tiltak i strategiplanen for SFT 2019-2023

Styret såg spesielt på 4 punkt i strategiplanen, med tanke på kor langt ein er komme i oppfylginga:

Organisasjon har styret jobba med mykje (t.d. saker 12-14), og her treng det ikkje prioriterast stort meir i 2019 (strategien går fram til 2023).

Kommunikasjon

Styret drøfta ev. nye løysingar for dei to årlege publikasjonane *Turmagasinet* og *Turprogrammet* (idémuldring):

- Korleis få lokallaga meir engasjerte med omsyn til turomtale og nyheiter?
- Forslag om å kutte ut den tematiske inndelinga (bre, m.m.) i turprogrammet.
- Lagar layout til turprogrammet sjølv med DNT sitt verktøy Papirfly, framføre å betale trykkeriet for dette?
- Anna innhald? Omtale av/reklame for turar digitalt gjennom heile året, via sosiale medier? Leiar i kurs og fjellsport prøver dette for april.
- Honorarlønna person som tek seg av den digitale marknadsføringa av turane?
- Korleis publisere digitalt? Nettsidene? Facebook? Lenkje mellom dei?
- Bør det setjast ned ei gruppe som ser på framtida av *Turmagasinet* fram til fellesmøtet?

Oppsummering: Turprogrammet er eit godt verktøy, turmagasinet er styret noko usikker på om skal halde fram i dagens format. Styret ynskjer å sjå vidare på dette.

Økonomi

- Styret hadde idémuldring kring potensielle sponsorar frå næringslivet, bør vere firma som opererer i heile fylket og ikkje berre i delar av det, t.d. Sparebanken i Sogn og Fjordane, Fjord 1, Norled og SFE (?). Det vi kan selje er gode tiltak for folkehelse. Reklamefilm på ekspressbåten?
- Avtale med kommunane om tilskot, med hjelp av Fylkeskommunen?

Digitalisering

Utsett til neste møtet med betre nettsamband enn på fyret.

Sak 17 Ymse

Neste styremøtet tysdag 14. mai 2019 på Skei. Mogleg å delta digitalt.

Protokollant: Karen Weichert